



AUSTRHEIM KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 02.juni 2023 kl. 08.30 – 12.55
- Stad: Kommunehuset, møterom Børilden/Baløyna
- Deltakarar: Gunnstein Sætre (leiar), Jan Erik Espelid (nestleiar), Inger Aasen (medlem), Britt M. Skaalevik Lerøy (medlem)
- Forfall: Morten Hodnekvam (medlem)
- Andre: Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug (i sak 10-12/23 og 14/23) Økonomisjef Odd Harald Dommersnes (i sak 13/23) Ordførar Per Lerøy (i sak 14/23) Kommunalsjef for oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen (i sak 14/23) og styrar i Kystbarnehagen Britt Ystebø (i sak 14/23)
- Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker og forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariatet: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste	2
11/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 17.02.23.....	2
12/23 Meldingssaker	3
13/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022	4
14/23 Aktuelt i Austrheim kommune	5
15/23 Statusorientering forvaltningsrevisjon.....	6
16/23 Orientering kring avtale med Alver Barnevern	6
17/23 Medlemsskap FKT	7
18/23 Eventuelt	7



10/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 02.06.2023 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møtet i kontrollutvalet 02.06.2023 er godkjent.

11/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.02.23

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 17.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 17.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.



12/23 MELDINGSSAKER

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Sekretariatet informerte kort om ny rettleiar og utviklingsarbeid innan kontrollutvalsarbeid.

Bjørnar Fjellhaug informerte kort om vedteke prosjektreglement i Austrheim kommune.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



13/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 20» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 16/23

Kommunedirektøren, gav ei kort overordna orientering om årsmeldinga. Han var ikkje med i sak 13/23, men gav orienteringa om årsrapporten i sak 14/23.

Økonomisjef, Odd Harald Dommersnes, gav eit orientering om rekneskapen 2022, om økonomiske forhold og finansielle måltal.

Disposisjonsfond, kommunens økonomiske buffer. I Austrheim har ein disposisjonsfond på konto, på bakgrunn av den økonomiske situasjonen som har vore i kommunen.

Arbeider aktivt med refinansiering av lån. Kommunen har auka lånebelastninga frå starten av 2022 til slutten av 2022. Lånesummen er meir samla enn tidlegare for å få best mogeleg rente.

Samla skatteinntekter er høgare i 2022, som gjev nedgang i rammetilskot.

Største kostnader i kommunen er lønn og pensjon. Uroa over høge kostnader i kommunen. Må få ned driftskostnader. Kan ikkje fortsetje med slike utgifter, inntektene føl ikkje med. Administrasjonskostnader ligg høgare enn for mange kommunar.

Revisjonssjef, Janne Eraker, orienterte om revisjonen, og gjekk gjennom innhaldet i revisjonsmeldinga og rapporten om rekneskapen.

Positiv progresjon i utviklinga av avlevering av rekneskapen. Avvika er ikkje forklarte på ein god nok måte. Dei er forklarte i kroner og prosent, men grunnen for avvika kjem ikkje tydeleg nok fram i årsrapporten.

Kontrollutvalet drøfta framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga, og stilte seg bak innhaldet i denne, men ynskte å leggja til følgande punkt:

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på at til trass for aukte inntekter er kostnadsnivået for høgt i forhold til budsjett og dette er ikkje ei berekraftig utvikling for kommunen.

Kontrollutvalet kom med eit felles framlegg til nytt vedtak:



1. Kontrollutvalet vedtek uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022 med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 20» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022 med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 20» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

14/23 AKTUELT I AUSTRHEIM KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 12/23

Ordførar, Per Lerøy, informerte kort om:

- Arbeid i Mongstadkryssen
- Arbeid med mogelege tomter for bustader med livsløpstandard
- Behovet for ny Norliheim

Kommunedirektør, Bjørnar Fjellhaug, informerte om:

- Risiko rundt hovudvassleiing inn til Austrheim. Anbud på arbeid er ute og ein håpar på oppstart kring forbetningsarbeid ut på hausten.
- Oversikt over prosjekt som er starta og gjekk gjennom oversikta på nettsida.

Kommunalsjef, Trine Merete Sund og styrar i Kystbarnehagen, Britt Ystebø, informerte om:

- Overtallighetsprosess i Kystbarnehagen. Trine Merete Sund, informerte om bakgrunnen for omfordelinga. Britt Leikvoll Ystebø informerte om prosessen kring omfordelinga.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



15/23 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
2. Forvaltningsrevisjonsrapporten er forventet handsama av kontrollutvalet i møte 22.september

BEHANDLING I MØTET

Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, informerte om prosessen i forvaltningsrevisjonen og kvifor framlegginga av denne vert utsatt til fyrste møte etter sommaren.

Pr. no er det fleire prosjekt med same tematikk i ulike kommunar, og det vil vera hensiktsmessig å samkøyra prosessane og sjå elementa i samanheng. Det er også ynskeleg med meir tid til å få dei sluttprosessane som er ynskjeleg.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
2. Forvaltningsrevisjonsrapporten er forventet handsama av kontrollutvalet i møte 22.september

16/23 ORIENTERING KRING AVTALE MED ALVER BARNEVERN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 14/23

Kommunalsjef, Trine Merete Sund, informerte om oppfølging av avtalen med Alver Barnevern.

Den aktuelle saka med ei høg uventa faktura frå Alver Barnevern og manglande oversikt over antal barn i tiltak har ført til endra og forbetra rutinar for oppfølging av avtalen.

Oppfølgingsmøte har vore gjennomført 1 gang pr. år, dette vert no gjort hyppigare. Det er forbetring på samarbeidet og ingen avvik pr. dags dato.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



17/23 MEDLEMSSKAP FKT

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

18/23 EVENTUELT

Det kom opp to saker under eventuelt:

Det er ynskeleg å sjå på prosess rundt forvaltningsrevisjon og tidspunkt denne kjem opp i kontrollutvalet.

Det er ynskjeleg med ei orientering i neste møte frå Nav Fensfjorden vedrørende auke i sosialytelser for ungdom under 30 år i kommunen.